

RETNINGSLINER FOR GRAVING

I KOMMUNALE VEGAR OG GATEGRUNN I

VOSS KOMMUNE

1. Gravestaden *SKAL* fotograferast *FØR* gravearbeidet tar til. Bileta skal leverast inn saman med søknaden, gjerne pr e-post til postmottak.vegdrift@voss.kommune.no. Dersom Voss kommune må ta bileta sjølv må ein pårekne lengre saksbehandlingstid.
2. Søkjar skal utarbeide plan for arbeidsvarsling (skiltplan: kart påteikna skilt og sperringar, tidsrom for regulering osv). Arbeidet kan ikkje starta opp før det føreligg arbeidsvarslingsplan godkjend av Voss kommune. Evt. lysing vert ordna av driftsavdelinga, kostnaden vert vidarefakturert søkjaren utan påslag.
3. Asfalt/oljegrus skal sagast langs alle kantar av grøfta. Det skal sagast slik at ein unngår langsgåande asfaltskøyter i hjulspora. Asfalten skal fjernast minst 20 cm inn over urørte massar etter at gravearbeidet er ferdig. Dersom meir en halve vegbreidda vert råka av arbeidet, skal heile vegbreidda re-asfalteast.
4. Ved avgraving av massar skal ein syta for at desse ikkje vert blanda saman, då massane i den grad det er mogeleg skal nyttast til attendefylling. Dette for at ein skal unngå ujamn setning/hiving. Berelaget skal vera minst 150mm tjukt og ha same kvalitet som i veggen elles. Dersom det ikkje er mogeleg å nytta eksisterande massar ved attendefylling, skal ein i størst mogeleg grad forsøka å byggja opp att veggen slik den var før avgraving.
5. Grøfteprofilen skal vera slik utforma at den har eit fall på 1:1. Dette gjeld også grøfter utanfor vegplanum. Elles skal grøfteprofilen alltid utformast slik at ein til einkvar tid har stabilitet i grøfteveggen.
6. Grøfta skal lagvis komprimerast etter NS 3420, tabell H5:C (95% Standard proctor).
7. Veggen og råka område rundt skal setjast tilbake i same stand med same kvalitet på overflater som før gravearbeidet. Ved re-asfaltering skal ein nytta minimum same mengd og massekvalitet som veggen elles har, minst 100 kg/m². I dei høve det er asfaltdekke og denne massetypen ikkje kan skaffast, skal det mellombels nyttast oljegrus. Byggherren har ansvar for å halde veggen i forsvarleg stand i den mellombelse perioden. Det skal ved fyrste høve re-asfalteast for byggherren sin kostnad.
8. Det vert lagd til grunn 5 års reklamasjonstid for arbeidet etter godkjent ferdigsynfaring. Ein vil understreke at det er byggherren som er ansvarleg for det ferdige anlegget overfor kommunen. Dersom det oppstår urimeleg siging, telehiv, dårleg bereevne eller andre skader/ulemper som fylgje av gravearbeidet, vil kommunen krevja dette utbetra for byggherren sin kostnad.
9. Ved kryssing av kommunale og andre leidningsanlegg/murar etc. må ein visa stor varsemd. Ved graving og legging langs slike kommunale anlegg skal det vera avstand på minimum 1000mm. Der særskilte grunnar tilseier det, må ein pårekna at denne avstanden vil verta auka, jft særskilt løyve frå eigar av anlegget.
10. Når arbeidet er avslutta og fullført etter dei krav som er sett, skal entreprenør/byggherre fotografere gravestaden og måle opp det råka arealet. Evt merknader skal protokollerast. Fotografi, måledata og evt merknader skal sendast Voss kommune seinast 14 dg etter arbeidet er avslutta. Dokumentasjon kan sendast digitalt. Voss kommune vil normalt kontrollere gravestaden i ettertid.